



Til vald utan bestandsplan

Delegert sak

Vår ref:
23/7168 - - BHM

Dykkar ref.

Vedtaksdato:
13.06.2023

Fellingsløyve til vald utan bestandsplan 2023

Bakgrunn for saka:

Kommunen skal kvart år innan 15. juni tildele fellingsløyve for hjort til godkjende vald. Tildeling av fellingsløyve til vald som ikkje har godkjent bestandsplan skjer med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltforskrifta) §18. Tildelinga skal vere målretta i kategoriane kalv, vaksne hodyr, spissbukk og eldre bukk. Kalv kan fellast i staden for vaksne dyr av begge kjønn.

I tillegg blir det fri kalveskyting i alle vald i kommunen.

Vedtak:

Løyvetalet blir noko høgare i 2023 avhengig av valdstørrelsen. Valda får fellingsløyve etter § 18 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Tildeling for dei einskilde valda går fram av utskrivne fellingsløyve for 2023 og i tillegg kjem kvotefri jakt på hjortekalv i kommune.

Saksutgreiing:

Godkjenning av bestandsplanar og tildeling av fellingsløyve etter hjorteviltforskrifta §18 skal skje i samsvar med «Forvaltningsmål for hjortebestanden i Bremanger kommune 2021-2024». Ved tildeling etter §18 får valda utan bestandsplan tildelt ein kvote dei kan skyte. Det brukast dyrevelferdsmessige og skjønnsmessige vurderingane for tildeling av fellingsløyve i dei ulike dyrekategoriane. Det vert også gjort skjønnsmessige vurderingar av tildelinga for kvart enkelt vald ut frå tidlegare års tidelings- og fellingshistorikk.

Vi er nå inne i en planperiode der målet er å ha mindre tal hjort i kommunen. Det er eit forvaltningsmål å auke andel bukk i kommunen. Sett kolle per bukk skal ikkje vere høgare enn 1,2. Det er i 2022 **1,19 sett kolle per bukk og det er svært positiv utvikling.**

Eit av forvaltningsmåla til kommunen er redusere mengda hjort i kommunen. Det blir difor tildelt meir kolle i år. Samtidig ønsker vi å auke kvaliteten på kollene som går igjen etter jakta.

Vi oppmodar til å felle dei minste kollene som kjem på post eller bø. Det er eit forvaltningsmål å auke gjennomsnittsalderen i vinterbestanden av hjorten i kommunen.

Tildeling av kalv er den same i år som i 2022 men i tillegg kjem **kvotefri jakt på hjortekalv**. I 2022 var det ikkje fellingsrekord i kommunen. Vi felte 12 hjort færre enn 2021, men uttaket av koller auka med 50 stk til 279 stk. Kalveproduksjonen i 2023 er stipulert til ca. 1300 - 1500 kalv i kommunen.

Kommunen har også i år fjerna fellingsavgift på kalv. Det er svært viktig å felle kalvar pga. dei er relativ små. Låge vektor gjer at dyra er meir utsette for vinterdød enn dyr med høg vekt.

Kommune prioriterer løyvetildeling av vaksne hanndyr (1 år og eldre) til dei valda som har fått minst tildeling av vaksne hanndyr (1 år og eldre) dei siste åra. Utrekninga er gjort slik:

Sum av felte vaksne hanndyr (1 år og eldre) åra 2013 til 2022 vert delt på valdet sitt areal i dekar. Det valdet som har det høgste arealet bak per felte bukk blir prioritert, avhengig av valdstorleik. (Nye vald og vald som har vore med i ein bestandsplan der statistikken over bukk ikkje kjem fram må vente til eit anna år).

Naturmangfaldlova § 15.(forvaltningsprinsipp)

I boka Hjort og hjortejakt i Norge (E. Meisingset 2003) side 88 står det:

I hjortens verden spiller vekta til individene en avgjørende rolle for utviklingsmulighetene. Nedsatt vekt og kondisjon hos dyra kan redusere sjansen for overlevelse vinteren.

Foto: Narve Botnen



Unge bukkar 2 til 4 år

Foto: Per Gulestøl



Mellomaldrane bukkar 5 til 9 år

Foto: Viggo Igland



Fullvaksne bukkar minst 10 år

Bildet over viser ein tredeling i forhold til bukken sin økologiske funksjon.

Økologisk tilstand i hjortebestanden er dårleg pga. at det nesten ikkje er bukk over 7 år. Den naturlege innanartskonkurransen mellom bukkane er ikkje til stade pga. at det er fåtal bukk i alderen 8 til 12 år.

Gjennomsnittlig slaktevekt per alder og kjønn for Grøfjell vald

	Hannkalv		Hunnkalv		Bukk 1 ½ år		Kolle 1 ½ år		Bukk 2 ½ år og eldre		Kolle 2 ½ år og eldre	
	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall
2015	21,6	10	19,55	11	39,36	11	39	3	72,15	13	49,53	15
2016	22,65	20	21,62	13	39,13	15	39,5	6	79,6	10	57,56	9
2017	20,63	1	19,44	10	40,83	12	36,6	10	75,86	14	50,85	13
2018	19,07	27	19,44	18	39,33	12	32,33	12	69,72	18	51,85	20
2019	20,52	23	20,2	15	40,22	18	33,36	14	74,43	21	48,95	21
2020	17,97	29	19,54	26	36,82	22	33,73	15	75,25	20	50,78	23
2021	20,37	30	19,19	21	35,81	16	32,7	10	70,61	23	49,34	29
2022	20,26	19	17,84	19	34,07	14	33,89	18	73	14	49,43	35


Kalve- og eittåringsvektane er svært låge i valdet (81 000 dekar teljande areal). Det er svært negativt for dyrevelferdsmessige hjå kalvane og eittåringar.

Naturmangfaldlova set føringar om at dei økologiske prosessane skal takast vare på ved berekraftig bruk. Det vil seie at arten skal ivaretaast der den førekjem og kan utvikle seg naturleg.

Bildet over viser ein tredeling i forhold til bukken sin økologiske funksjon. Når dei gamle bukkane og dei mest utvikla mellomaldrane bukkane parar kollene er det meir sannsynleg at kalven blir stor.

Så det er av dyrevelferd og økologiske grunnar at vi oppmodar valda og jegerane til å felle små dyr under jakta og spare store koller og bukkar. Samtidig som ein aukar tal og alder på bukkane i vinterbestanden.

Unødig uttak av store hjortebukkar (sjå bilde over) i jakta fører til at små bukk parar kollene. Det er då meir sannsynleg at kalven blir liten. Små kalvar lid unødig vinterstid pga. at dei er små.



Figuren viser naturleg alderssammansetninga hjå bukk i ein bestand (i blå farge). Raud farge (rundt blå søyle) markerer at hanndyras kroppsmasse og sædkvalitet aukar med alder.

Grøn farge viser alder på felte bukkar i Bremanger kommune i 2021. I aldersklassane 7 til 12 år er det få bukkar. Disse hanndyra er svært viktige pga. (Raud farge rundt blå søyle markerer) at hanndyra si kroppsmasse og sædkvalitet aukar med alder.

Dyrevelferdslova

§ 3. Generelt om behandling av dyr

Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger.

I boka Hjort og hjortejakt i Norge (E. Meisingset 2003) side 88 står det:

I hjortens verden spiller vekta til individene en avgjørende rolle for utviklingsmulighetene.

Naturleg hjortebestand									
I hjortekalvens interesser	Far	Mor	Fødsel	Vekt /kondisjon					
	Fullvoksen (150 kg +) i 10 -12 års alder	Fullvoksen (85 kg +) 12 – 14 års alder	Tidlig, seint i mai	Kalvens haust vekt 35 kg +	Status og dominans	Dominant dyr beste beitene	Store bukker Større muligheten til parringar	Tunge koller	
								Kjønnsmodne i 1- års alder	Føder dominante hannkalver
I jegerens verden spiller vekta til bukken en avgjørende rolle for jegerens sukses.									
Tal frå hjortebestanden i Bremanger kommune									
Negativ handling ovenfor hjortekalvens interesser	Far	Mor	Fødsel	Vekt /kondisjon					
	(80 kg) i 4,6 års alder	(53 kg) 5, 7 års alder	Seint i juni	Kalvens haust vekt 19 kg. (Grøffell vald)	Status og dominans	Få dominant dyr	Små bukker pga. alder	Lette koller	
								Kjønnsmodne i 2-3 års alder	Føder små ho kalvar.

Sjølvs om Dyrevelferdslova tillet hindringar i dyra sine interesser, kan ikkje dette skje vilkårleg: «For det første må det føreligge et berettiget formål. Dernest må den negative handlingen ovenfor dyret være nødvendig for oppfylling av formålet. Og i tillegg må det være forholdsmessighet mellom behovet for å sette dyrs interesse til sider, og den negative virkning for dyret.»

Formålet: Opplevingsverdi med å ta ut meir og større bukkar under hjortejakta i Bremanger kommune.

Negativ handling ovanfor hjortekalven må vere nødvendig for å oppfylle formålet. Og i tillegg må det vere «forholdsmessighet» mellom behovet for å sette hjortekalven sine interesser til side, og den negative verknaden for hjortekalven.

Under ser vi på forholdsmessighet mellom jegerens interesse og hjortekalvens interesser over tid.

Jegerens sine interesser.

I jegerens si verd spelar vekt til bukken ei avgjerande rolle for jegerens suksess.

Resultat:

Vekt på bukken har gått ned dei siste 50 åra og det finnst nesten ikkje bukkar over 7 år i hjortebestanden. Når små bukkar og små koller får kalv, blir kalven og liten.


Hjortekalven sine interesser:

I hjortekalven si verd spelar vekt til individet ei avgjerande rolle for høvet til utvikling. Nedsett vekt og kondisjon hos kalven kan redusere sjansen for overleving over vinteren. I Bremanger kommune har vi svært låge kalvevektar (sjå tabell over).

Spørsmålet blir:


Har Bremanger kommune god nok grunn til å innskrenke hjortekalven sitt høve til utvikling og påføre hjortekalven belastningar, lidingar og auka dødelgheit?

Den negative handlinga ovanfor hjortekalven må vere **nødvendig** for oppfylgning av formålet.



Grafen over viser at Bremanger kommune har ein høgare gjennomsnittsalder på bukk enn Kvinnherad kommune.

Kvinnherad kommune har hatt eit høgt uttak av bukk over tid. Bremanger kommune har spart bukk i dei seinare åra.



I Bremanger kommune har vi auka alderen på bukkane og med alderen får bukken auka kroppsmasse. I Kvinnherad er bukkane lettare pga at bukkane er ynger enn i Bremanger.

Kvinnherad kommune har hatt eit høgt uttak av bukk over tid. Bukkane har ei låg gjennomsnittsvekt pga. at dei er unge.

Ved å ta ut fleire bukkar i Bremanger kommune vil gjennomsnittsvekt og gjennomsnittsalder bli lågare. Opplevingsverdien av å ta ut ein liten bukk er mindre enn ved ein stor bukk (10 år og 150 kg). **Denne negative handlinga bidreg ikkje til å nå formålet med å produsere og felle stor bukk.** Handlinga svekkar hjortekalven sitt høve til å meistre livsmiljøet sitt, utøve artsspesifikk, naturleg åtferd og utfalde sitt biologiske potensiale.

Uttak er ikkje økologisk berekraftig og er i strid med forvaltningsmåla for hjort i Bremanger kommune.

Naturmangfaldlova § 16 (høsting av vilt og lakse- og innlandsfisk)

Forvaltninga og jakta har ført til at hjortebestanden består av relativt små og unge dyr av både kjønn.

Jaktår	Hannkalv	Hunnkalv	Bukk 1 ½ år	Kolle 1 ½ år
2015	23,99	22,77	44,30	41,74
2016	23,54	22,49	44,66	40,98
2017	23,70	22,01	44,40	39,06
2018	22,63	21,09	42,41	37,67
2019	23,20	22,29	41,82	38,46
2020	22,43	21,65	41,91	37,75
2021	22,87	21,17	41,81	37,22
2022	22,88	21,27	40,92	37,19

Tabellen viser gjennomsnittsvekt på kalvar og 1 ½ åringar i Bremanger kommune. Pga. den låge gjennomsnittsvakta på kalvar i Bremanger kommune, er det viktig å felle kalvar så tidleg som mogleg i hjortejakta for å auke kondisjonen på kolla. Små kalv har større sjanse for å døy vinterstid.

Hjortebestanden er vurdert etter Naturmangfaldlova § 8, og særleg bukken og kalven sin livssituasjon er vurdert opp mot dyrevelferdslova i samsvar med § 15 forvaltningsprinsipp.

Bremanger kommune har svært gode data som vi har nytta saman med vitenskapleg kunnskap om hjorten og hjortebestanden.

Forvaltninga og jakta har ført til at hjortebestanden består av relativt små og unge dyr av både kjønn.

Sjølv om det er historisk mykje bukk (2 år til 7år) bør bukken sparast til vi har nok bukk i 12 års alder. Målet er å ha færre hjort i bestanden, haustar vi da mykje kalv og kollar går bestanden ned. Da kan vi ha færre bukk i bestanden men vi må passe på å ha nok bukk i alle aldersklassane frå 1 år til 12 år. Haustinga av hjort skal føre til ein økologisk berekraftig hjortebestand i Bremanger kommune.

Haustinga i 2023 bør aukast på kalv, kolle og spissbuk, og bukkeutakk bør vere som i fjor.

Bremanger kommune har vore med i overvåkingsprogrammet for hjortevilt frå 1991 til 2012. Der samla vi inn livmor frå hjortekollene i mange år. Dette har gitt viktig kunnskap om kolla sin kalveproduksjon. Frå 1991 har vi aldersbestemt 13 091 hjort i kommunen. Sett Hjort-data har vi registrert frå 2005.

Hjortejakta på Vestlandet og i Bremanger kommune har påverka hjortebestanden negativt med ein overvekt av unge dyr i vinterbestanden (i dei siste 30 åra). Innsamling og aldersbestemming av kjevar viser at det nesten ikkje finst vaksen bukk i Bremanger kommune. Det er og færre bukkar enn koller i bestanden pga. at det er meir populært å skyte hanndyr.

Pga den låge gjennomsnittsvakta på kalvar i Bremanger kommune, er det viktig å felle små kalvar så tidleg som mulig i hjortejakta. Ein liten kalv har større sjanse for å døye vinterstid. Forvaltning av dyr skal skje med respekt for dyret sin eigenart.

Dyrevelferd er m.a. å sjå på moglegheita hjorten har til å utøvd artsspesifikk, naturleg åtferd og utfolde det biologiske potensialet sitt. Når dyrevelferd skal vurderast for ei gruppe dyr, må det rettast spesiell merksemd mot «taparane», dei individa som kjem dårlegast ut.

Naturmangfoldloven § 7.(prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12) Prinsipp for offentlege avgjersle er lagt til grunn ved utarbeidinga av forvaltningsmål for hjort i Bremanger kommune. Prinsippa avdekker dårleg økologisk tilstand i hjortebestanden. Dette kan på lang sikt få konsekvensar for hjortebestanden og føre-var-prinsippet kjem til anvending her. Den samla belastninga på naturmangfoldet er negativ på miljøet og får konsekvensar for hjorten. Kommunen si forvaltning må sikre miljøforsvarlege driftsmetodar som sikrar økologisk berekraftig bruk av hjortebestanden i framtida. § 11 (kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar) er ikkje vurdert, sjølv om skaden på naturmangfoldet kan vere stor nokon stader.

Naturmangfoldlova § 8.(kunnskapsgrunnlaget)

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.»

Vitenskapleg kunnskap om hjorten

I boka Hjort og hjortejakt i Norge (E. Meisingset 2003) side 88 står det:

I hjortens verden spiller vekta til individene en avgjørende rolle for utviklingsmulighetene. Nedsatt vekt og kondisjon hos dyra kan redusere sjansen for overlevelse vinteren. Vekta er også viktig for status og dominans, og for bukkene er størrelsen avgjørende for muligheten til parringer. Et dominant dyr får som regel også tilgang på de beste beiteene gjennom vinteren og kan på denne måten også unngå kritiske vekttap. Vekta påvirker muligheten kollene har til å produsere levedyktige etterkommere. Vekta hos kollene er avgjørende for å kunne bli drektige. Tunge koller blir kjønnsmodne minst et år tidligere enn små og lette. Kollas suksess er betinget av hvor mange kalver, helst dominante hannkalver, hun kan føde i løpet av livet.


Seniorforskar ved NINA Vebjørn Veiberg skriv i Overvåkingsprogrammet for hjortevilt:
Et generelt mønster er at når hjortebestandene innen et område øker, medfører dette økt konkurranse om beiteressursene. Dette gir dårligere vekstbetingelser og over tid lavere kroppsvekter, redusert kalveproduksjon og redusert bestandstilvekst.

Reduserte vekter hos de yngste aldersklassene forplanter seg videre til de eldre aldersklassene. Bukkenes gevirproduksjon er et resultat av mange forhold der både genetiske disposisjoner, næringstilgang og kroppsstørrelse spiller inn. Generelt har store dyr større gevir enn små dyr. Når hjortens gjennomsnittsvokter synker vil dette derfor resultere i gjennomgående mindre gevir. Som en konsekvens av dette har vi observert at en stadig

økende andel av de toårige bukkene bare utvikler enkle gevirstenger. De fremstår derfor som klassiske 'spissbukker', eller ettårige bukker.

Av informasjon som samles inn fra felte dyr, er vekt, kjønn og alder de primære opplysningene. Dyras vekt reflekterer både vekstbetingelser, sannsynlighet for overlevelse og reproduktive egenskaper. Høye vekter illustrerer bedre betingelser enn lave vekter. De tydeligste signalene på endringer i vekstbetingelser fanges opp hos kalver og ettåringer.

I boka Viltet - biologi og forvaltning (O. Hjeljord 08) side 78.



Naturlig dødelighet hos hjort. Kurvene viser andel overlevende ved økende alder hos bukker og koller fra samme aldersklasse. Bukkene lever ca. fem år kortere enn kollene, og forskjellen øker i tette bestander (Meisingset etter Langvatn 2003).⁴⁸

Dokumenterte «hanndyreffektar»



Foto: Bjørn H. Marthinussen

- Effekt av brøling → framskunding brunsttidspunktet hos hjortekoller
- Bukkar med store kropp og stort gevir har betre sædkvalitet
- Auka sædkvalitet gir meir hannkalvar
- Fullvaksne bukkar gir meir hannkalvar

Hjorten sin bestandssituasjon i Bremanger kommune

Gjennomsnittlig slaktevekt per alder og kjønn for Bremanger kommune												
	Hannkalv		Hunnkalv		Bukk 1 ½ år		Kolle 1 ½ år		Bukk 2 ½ år og eldre		Kolle 2 ½ år og eldre	
	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall
2001	22,73	15	25,25	8	44,93	27	39,6	15	71,85	53	55,95	40
2002	23,21	29	23,38	24	45,41	69	40,87	45	73,59	137	55,91	96
2003	23,98	44	21,76	37	45,46	69	40,56	54	72,94	133	56,08	110
2004	25,19	47	22,44	27	44,07	71	41,7	50	73,33	132	54,24	130
2005	23,45	51	22,59	39	47,06	70	40,69	61	77,79	136	56	139
2006	24	44	22,44	36	44,41	102	39,37	63	73,78	135	54,24	135
2007	22,5	58	21,85	52	44,33	80	40,13	76	75,92	118	52,97	135
2008	22,65	74	21,34	47	43,81	63	41,53	59	79,98	116	53,58	130
2009	23,83	76	22,94	78	43,9	63	41,14	57	75,67	135	52,76	123
2010	21,13	71	20,6	62	43,7	54	36,78	63	74,26	117	52,82	129
2011	22,45	77	22,18	76	41,56	59	37,99	70	80,36	138	55,32	142
2012	24,56	61	23,97	68	44,91	75	41,05	75	82,28	108	56,37	117
2013	23,17	82	21,31	54	42,46	81	37,98	80	77,73	111	53,47	113
2014	23,37	86	22,41	70	45,42	91	39,11	64	76,7	100	54,08	117
2015	23,99	90	22,77	93	44,3	82	41,74	50	78,28	75	54,27	106
2016	23,54	114	22,49	103	44,66	109	40,98	40	81,59	78	53,87	93
2017	23,7	115	22,01	100	44,4	96	39,06	82	79,51	115	53,99	126
2018	22,63	144	21,09	124	42,41	103	37,67	84	78,98	127	52,75	138
2019	23,2	168	22,29	160	41,82	115	38,46	104	83,51	103	54,31	190
2020	22,43	177	21,65	160	41,91	137	37,75	114	80,85	150	52,55	196
2021	22,87	205	21,17	172	41,81	129	37,22	119	78,87	118	52,31	223
2022	22,88	181	21,27	176	40,92	108	37,13	112	80,63	101	53,09	266

Kalvevektene er stabilt låge mens eittåringsvektene er låge og fallande i Bremanger kommune. Det er svært negativt for velferda hjå kalvar og eittåringar.

Gjennomsnittlig slaktevekt per alder og kjønn for Grøfjell vald												
	Hannkalv		Hunnkalv		Bukk 1 ½ år		Kolle 1 ½ år		Bukk 2 ½ år og eldre		Kolle 2 ½ år og eldre	
	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall
2015	21,6	10	19,55	11	39,36	11	39	3	72,15	13	49,53	15
2016	22,65	20	21,62	13	39,13	15	39,5	6	79,6	10	57,56	9
2017	20,63	16	19,7	10	40,83	12	36,6	10	75,86	14	50,85	13
2018	19,07	27	19,44	18	39,33	12	32,33	12	69,72	18	51,85	20
2019	20,52	23	20,2	15	40,22	18	33,36	14	74,43	21	48,95	21
2020	17,97	29	19,54	26	36,82	22	33,73	15	75,25	20	50,78	23
2021	20,37	30	19,19	21	35,81	16	32,7	10	70,61	23	49,34	29
2022	20,26	19	17,84	19	34,07	14	33,89	18	73	14	49,43	35


Kalve- og eittåringsvektene er svært låge i valdet (81 000 dekar teljande areal). Det er svært negativt for velferd hjå kalvane og eittåringar.

Jaktår	Bukk 2 år og eldre		Kolle 2 år og eldre	
	Snittalder	Tal	Snittalder	Tal
2016	3,86	76	6,38	94
2017	4,22	116	6,14	127
2018	3,97	132	5,01	148
2019	4,65	100	5,54	191
2020	4,66	150	5,91	200
2021	4,58	118	5,7	220

Tabellen viser snittalder på felte bukk og kolle som er 2 år og eldre i Bremanger kommune.

I Bremanger kommune er det nå stipulert ca. 5000 hjort før jakta startar. I ein naturleg bestand er det ca. 50% hanndyr og ca. 50% hodyr.

Etter hjortejakta har vi ca. 4000 dyr i Bremanger kommunen. Figuren nedanfor viser aldersfordelinga i ein naturleg bestand med 50% hanndyr (2000 hanndyr).



Figuren viser naturleg alderssamansetning hjå bukk i bestanden (i blå farge). Raud farge (rundt blå søyle) markerer at hanndyra sin kroppsmasse og sædkvalitet aukar med alder.


Grøn farge viser alder på felte bukkar i Bremanger kommune i 2021. Vi har no bukkar i alle aldersklasser og det er **svært positivt**.

I Bremanger kommune har vi mange unge bukkar i 2 til 7 års alder, men få bukkar i aldersklassane 7 til 12 år. Det vil seie at vi manglar dei store bukkane som vist i figuren over. Raud farge (rundt blå søyle) markerer at hanndyra sini kroppsmasse og sædkvalitet aukar med alder.

Seniorforskar ved NINA Vebjørn Veiberg

Bremangerhjorten Kolset 21. mars 2023

Snittalder hos eldre dyr



www.nina.no



Er Bremanger best i landet?

- Solid jegerkorps
- Lokal forvaltning med tydelege mål
- Har oppnådd tydelege resultat
- Felles(?) langsiktige mål

Oppsummering

- Landets eldste bukkebestand
- Landets høgaste andel kalvar i avskytinga
- Relativt krevjande avskytingsstrategi
- Suverent kunnskapsgrunnlag
- Nyttig læringsarena også for andre.
Glimrande å ha nokon som skil seg ut

Økologisk tilstand i hjortebestanden i Bremanger kommune

Foto: Narve Botnen



Unge bukkar 2 til 4 år

Foto: Per Gulestøl



Mellomaldrane bukkar 5 til 9 år

Foto: Viggo Igland



Fullvaksne bukkar minst 10 år

Økologisk tilstand i hjortebestanden er dårlig pga. at det nesten ikkje er bukk over 7 år. Den naturlege innanartskonkurransen mellom bukkane er ikkje til stades pga. at det er få bukk i alderen 8 til 12 år.

Jaktår	Bukk 2 år og eldre		Kolle 2 år og eldre	
	Snittalder	Tal	Snittalder	Tal
2016	3,86	76	6,38	94
2017	4,22	116	6,14	127
2018	3,97	132	5,01	148
2019	4,65	100	5,54	191
2020	4,66	150	5,91	200
2021	4,58	118	5,7	220

Tabellen visar snittalder på bukk og kolle. Den låge snittalderen hjå bukkar gjer at dei er relativ små, og dei dokumenterte hanndyrefektane i liten grad fungerer.

Vi har i dag landets eldste bukkebestand, oppsummerte seniorforskar ved NINA Vebjørn Veiberg den 21. mars 2023 på Kolset i Bremanger kommune.

Vi har no eit godt utgangspunkt til å få «landets eldste bukkebestand» til å bli fullvaksne bukkar i 10 – 12 års alder.

Dei fleste kollene i Bremanger kommune er for små til å bli para i 1 ½ års alder.

Samla effektar og påverknader av hjortejakt på hjortebestanden i Bremanger kommune

- Alt for mange dyr i hjortebestanden
- Dyra er små
- Låg gjennomsnittsalder
- Historisk mykje bukk 2 til 7 års alder
- Lite bukk i 8 til 12 års alder
- Små kalvar
- Små eittåringar
- Dei fleste kollene er for små til å bli para i 1 ½ års alder
- Dårleg dyrevelferd

Naturmangfaldloven §9. (føre-var-prinsippet)

Hjortebestanden i Bremanger kommune er historisk stor. Ein kan sjå og høyre om mykje bukk rundt om i kommunen, men mykje av denne bukken er ungbukk (1 år til og med 6 år). Hjortebukken blir vaksen i 7 års alder, og er på topp i 10 -12 års alder. Det er om å gjere at deistørste og sterkaste bukkane overlever hjortejakta slik at dei blir brukt i farskapsrolla.

Sjå bildet på førre side som viser ein tredeling i forhold til bukken sin økologiske funksjon. Hjortebestand med ei naturleg aldersfordeling har i god økologisk tilstand. Det er «berre» dei gamle bukkane (som vist på bildet, og er på topp/størst) og dei mest utvikla mellomaldrane bukkane som får para seg i eit naturleg økosystem.

Låg gjennomsnittsalder og dårlegare vekstvilkår for ho- og hanndyr gjer at hjort med liten kroppsstorleik slepp til i foreldrerolla. Dette kan på lang sikt få negative konsekvensar for hjortebestanden, og føre-var-prinsippet må nyttast her.

Naturmangfaldloven §10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

Økosystemet har vore i endring frå eit ope landskap utan skog (tidleg på 1900-talet) til i dag kor store delar av landskapet er dekt av skog. Det har og vore ein del skogreising av gran i desse områda. I ytre delar av kommunen har ikkje attgroinga kome so langt.

Attgroing av lyngheier vil på sikt føre arealet tilbake til det opphavlege økosystemet. Frå vere av store rovdyr har ført til ein ung og talrik hjortestamme over tid. Den for store hjortestammen har ført til at blåbær, vier, rogn, selje og osp er hardt nedbeita mange stader. Når lyngartene (vintermat) forsvinn kjem grasartar (sommarmat) inn og overtek arealet. Einstape har etablert seg på ein del område. Overbeiting i botn-, felt- og busksjiktet kan ha store konsekvensar for andre organismar i naturmangfaldet. Skogen mange stader har ein parkprega utsjånad utan busksjiktet og eit feltsjikt med plantar som tåler hjortebeite eller plantar som hjorten i liten grad beitar på.

Det har aldri vore meir hjort i Bremanger kommune enn i dag. Dette har ført til negativ utvikling for hjorten som låg vekt, nedsett reproduksjon, låg gjennomsnittsalder og skeiv kjønnsfordeling.

I vestlandsfylka og Trøndelag er situasjonen stort sett den same. § 5 i naturmangfoldslova, forvaltningsmål for artar, har i lita grad vorte brukt av viltorgan i Noreg.

Dei nye forvaltningsmåla for hjort i Bremanger kommune er i samsvar med naturmangfaldlova § 5 og vil få stor verknad for hjorten.

*Naturmangfaldloven §12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)
Miljøforsvarlege driftsmetodar:*

Bærekraftig bruk			
Hausting av:	Økologiske prosesser	Hjortebestand i god økologisk tilstand	Dyrevelferd
Auka uttak av hjortbestanden	Mindre press på ander arte i miljøet	Færre hjort i vinterbestanden	Positiv velferdsindikator
Auka uttak av kalv	Lav andel kalv	Mindre kalv i vinterbestanden	Positiv velferdsindikator
Auka uttak av spissbukk	Lav andel spissbukk	Mindre spissbukk i vinterbestanden	Positiv velferdsindikator
Auka uttak av kolle	Ta hensyn til kollas økologisk funksjon.	Mindre fjordkoll eller små koller i vinterbestanden	Positiv velferdsindikator
Mindre uttak av bukk	Ta hensyn til bukkens økologisk funksjon	Auka andel gammal bukk i vinterbestanden	Positiv velferdsindikator

Prinsippa i kapittelet om alminnelege avgjerder om berekraftig bruk og dyrevelferd er lagt til grunn for å sikre naturmangfoldlovens formål i § 1 og forvaltningsmåla i § 5.

Klagerett/anke

De har rett til å klage over vedtaket.

Klaga skal først sendast til den driftseininga De får denne meldinga frå. Dersom ikkje driftseininga endrar vedtaket som følgje av klaga, vil ho bli send vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Klagefrist er 3 veker frå den dagen denne meldinga kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk oppgje når De mottok denne meldinga.

Dersom klaga vert send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Har De særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få klagefristen forlenga. De bør i tilfelle nemne kvifor klaga er forseinka.

Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast iverk straks. De kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Elles vil sakshandsamar kunne gje nærare informasjon og rettleiing vedkommande klage.

Med helsing

Tom Joensen
Kommunedirektør

Bjørn Henry Marthinussen
Konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.